



I juryen i år finn ein journalist og forfattar Linda Eide (bilete), songar, skodespelar og musikkprodusent Berte Rommetveit, festivalleiar Roald Kaldestad og Magne Kydland, ansvarleg redaktør i Mediehuset Sunnhordland. Arkivfoto; ANITA HAUGLAND

## Ho plukkar ut den beste låten

Linda Eide skal ikkje berre opptre når ho vitjar årets Falturiltu-festival. Ho er også med i juryen som skal kåra den beste Sunnhordlandsåten i 2014.

- [Anita.Haugland@sunnhordland.no](mailto:Anita.Haugland@sunnhordland.no)

Publisert 02.10.2014 kl. 03.45. Oppdatert kl. 09.50.

A-A+

– Eg har aldri skrive ei låt, men eg har laga fjernsynsprogram. Og eg ser for meg at det er mykje det same som skal til for at det skal bli bra, seier Linda Eide til Sunnhordland.



Berte Rommetveit.

Arkivfoto

## Ufråvikeleg krav

Det byrjar åasta med å senda inn bidrag, dersom du skal vera med i konkurransen om å laga den beste Sunnhordlandsåten i 2014. Den 15. oktober går fristen ut.

– Det er ingen aldersgrense i konkurransen, du kan vera med om du er sytti eller sju år. Sjangeren er også valfri, skriv festivalsjef Roald Kaldestad i ei pressemelding frå Falturiltufestivalen.

**Les også: [Reggae-band til topps i låtskrivarkonkurransen](#)**

Men eit krav er ufråvikeleg. Teksten må vera på nynorsk.

– Nynorsk eller dialekt, presiserer Kaldestad.

Vinnaren får framføra låten under opningsfesten på Falturiltu, saman med blant anna Tønes og Lene Kaaberbøl. Dette skjer i Stord kulturhus den 2. november.

Kvar bidragsytar kan senda inn fleire låtar til konkurransen.

## Fjarårs vinnaren

I fjar kom det inn over tjue låtar i konkurransen, laga av låtskrivarar frå Tysnes, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord. Åsmund Nesse og resten av Nese Rastafari stakk av med sigeren. Året før var det Runar Bjørkvik Mæland med låten «Fuglane».

– Det var hyggeleg å vinna konkurransen, det var liksom ei lita overrasking i kvardagen, fortel Åsmund Nesse til Sunnhordland.

- **Kulturkalenderen for Sunnhordland**

Han fortel at bandet har framført vinnarlåten «Bala» mange gonger i løpet det siste året.

– Låten har vore med i repertoaret vårt ganske lenge. Det er ei stund sidan låten blei laga, for det var ikkje ein føresetnad i konkurransen at låten skulle vera ny, seier Nesse.

Premien var at låten skulle spelast inn i lydstudioet til NRK på Minde.

– Det har teke litt lang tid, for det var litt problem med miksebordet i studioet. No skal innspelinga gå føre seg i Stavanger, og me prøver å finna ei helg som passar for alle i løpet av hausten, seier Nesse.



Runar B. Mæland gjekk til topps i Sunnhordlandsråten i 2012. Her frå Heishuset på Litlabø der stordabuen fekk gratulasjonar av festivaldiktar Ragnar Hovland. Foto: PER EGIL LARSEN

## Suksessoppskrifta

Han har ikkje teke stilling til om han skal vera med i årets konkurranse.

– Kva meiner du må til for å laga ein god låt?

– Det er eit vanskeleg spørsmål å svara på, men eg meiner det må vera ei fin blanding av ein god melodi og ein treffande tekst. Det å betrakta noko som ikkje er blitt gjort før kanskje, seier Nesse.

**Her kan du høyra songen "Bala" som blei vinnarlåten i fjar. Åsmund Nesse og Nese Rastafari står bak denne.**



Ifølgje juryen skreiv Åsmund Nesse den beste sunnhordlandsåten i fjar. Foto: OLAV RØLI